

## Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 03.06.2009, 12:15 - 15:00  
Møtestad: Helse Vest RHF, Stavanger

### Styremøtet var ope for publikum og presse

| <b>Deltakarar frå<br/>styret:</b> | <b>Forfall frå styret:</b>     |
|-----------------------------------|--------------------------------|
| Oddvard Nilsen<br>Leiar           | Kari Oftedal Lima<br>Nestleiar |
| Torill Selsvold Nyborg<br>Medlem  |                                |
| Gisle Handeland<br>Medlem         |                                |
| Lise Karin Strømme<br>Medlem      |                                |
| Gerd Dvergsdal<br>Medlem          |                                |
| Nils P Støiva<br>Medlem           |                                |
| Reidun Johansen<br>Medlem         |                                |
| Aslaug Husa<br>Medlem             |                                |
| Ohene Aboagye<br>Medlem           |                                |
| Gunner Berge<br>Medlem            |                                |
| Helge Espelid<br>Medlem           |                                |
| Gro Skartveit<br>Medlem           |                                |

**Deltakarar frå administrasjonen:**

---

|                                                       |
|-------------------------------------------------------|
| Administrerende direktør Herlof Nilssen               |
|                                                       |
| Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne           |
|                                                       |
| Fagdirektør Odd Søreide                               |
|                                                       |
| Økonomidirektør Per Karlsen                           |
|                                                       |
| Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen |
|                                                       |
| Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal                   |
|                                                       |
| Konstituert eigardirektør Ivar Eriksen                |
|                                                       |
| Torunn Nilsen referent                                |
|                                                       |

**Saker:**

---

|          |                                                                                |
|----------|--------------------------------------------------------------------------------|
| 048/09 B | Godkjenning av innkalling og dagsorden                                         |
| 049/09 B | Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 06. mai 2009                          |
| 050/09 B | Administrerende direktør si orientering                                        |
| 051/09 B | Rapportering frå verksemda per april 2009                                      |
| 052/09 B | Inntektsutvikling frå 2002 - 2009                                              |
| 053/09 B | Ventetidsutvikling i Helse Vest RHF 2003 - 2008                                |
| 054/09 B | Nasjonale prosjekt - status                                                    |
| 055/09 B | Kvalitetssatsinga i Helse Vest - status våren 2009                             |
| 056/09 B | Nasjonalt program Stab og Støtte (NPSS) Samarbeidsavtale mellom RHF-a          |
| 057/09 B | Konstituering av administrerende direktør i perioden 15.juni - 12.oktober 2009 |
| 058/09 B | Eventuelt                                                                      |

**Fellesmøte**

Før styremøte i Helse Vest RHF blei det gjennomført fellesmøte mellom styret i Helse Vest RHF og styret i Helse Stavanger HF.

**Følgjande tema var på agendaen:**

Revidering av inntektsmodellen i Helse Vest, Budsjettoppfølging – økonomi- og bemanningsstyring,  
Resultat i Helse Stavanger HF per 30. april og vidare tiltak for å nå budsjettkrav, korridorpatientar og bruk av pasienthotellet.

**048/09 B Godkjenning av innkalling og dagsorden**Forfall:

Kari Oftedal Lima hadde meldt forfall til møtet.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

**Til AD si orientering pkt 8 – Føretaksmøte 10. juni**

Oppdatert innkalling til Føretaksmøte i Helse Vest RHF

**Til AD si orientering NYTT pkt 12 – Årleg melding 2008 – tilleggsrapportering**

Brev frå HOD og tilleggsrapportering frå Helse Vest

**Til sak 054/09 O – Nasjonale prosjekt – Status**

Oppdatert oversikt over nasjonale prosjekt inkl. pasientreiser (Vedlegg 1)

**Til skriv og meldingar**

- Brev til legeföreningar og Regionsutval Vest, dagsett 28.05.09 – Ressurstilgang i helsetenester på Vestlandet – Invitasjon til møte
- Økonomirapportering til HOD per april

Styreleiar orienterte om følgjande endringar i dagsorden:

Behandling av AD si orientering pkt 1 - KLP si orientering om pensjonsordningar for tilsette i føretaksgruppa Helse Vest vart flytta til slutten av møtet.

Eventuelt:

Ingen saker blei meldt til eventuelt.

**Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **049/09 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 06. mai 2009**

**Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 6. mai 2009

## **050/09 O Administrerande direktør si orientering**

### **1. Pensjonsordning for tilsette i Helse Vest RHF og HF-a**

Knut Hellum og Steinar Fuglevåg frå KLP, orienterte om KLP og om pensjonsordning for tilsette i føretaksgruppa Helse Vest.

### **2. Korridorpasientar – Sandviken**

Talet på korridorpasientar har vore alt for høgt dei siste 3 månadene.

Det blir lagt fram styresak om vidare handtering av situasjonen på neste styremøte i Helse Bergen HF. Det blir sett i gang ein ekstern gjennomgang av psykiatrien i Helse Bergen med særleg fokus på bruk av DPS-a.

### **3. Korridorpasientar – Helse Stavanger HF**

Det er ein viss forsiktig nedgang i talet på korridorpasientar i Helse Stavanger, men bruk av pasienthotellet aukar ikkje.

### **4. Nevrokirurgi**

Det er sikra vaktdekning i Stavanger ut juli 2009. Vaktordningane skal vere forsvarlege og innafor gjeldande lovverk.

Det blir i samarbeid med Helse Bergen og Helse Stavanger arbeidd med å sikre ei nærare fagleg integrering og betre samarbeid mellom dei to avdelingane.

Helse Vest har satt i gang prosessar for å gjere opp status for korleis samarbeidet har fungert så langt og for å sikre ytterlegare gode samarbeidsforhold mellom føretaka.

18. mai var administrerande direktør i begge føretaka kalla inn til møte med Helse Vest RHF. Det vil bli nytt oppfølgingsmøte før sommaren.

### **5. Arbeidsintensive investerings- og vedlikehaldstiltak i 2009 – regjeringa si tiltakspakke**

Orientering om status per 1. juni vart utsett til møte 24. juni.

## **6. Organisering – Helse Vest RHF**

Ein gjennomgang av organiseringa av RHF-administrasjonen viser at noverande organisering fungerer rimeleg greitt og at det ikkje behov for å gjere omfattande endringar.

Administrerande direktør orienterte om tilpassingar i organisering og stillingar.

Følgjande stillingar blir utlyste:

- Stilling som eigardirektør
- Nyoppretta stilling for kvalitet
- Nyoppretta analysestilling blir utlyst etter avklaring av kompetansekrav
- Stilling som fagdirektør
- Nyoppretta stilling som internrevisor – blir ikkje lyst ut ennå. Utlysing vil vere styrt av internrevisor og revisjonskomite/styret

## **7. Influensa A – H1N1 (Svineinfluensa) - status**

Det er bekrefta 2 tilfeller av smitte i Noreg (i Oslo og Skien), men ingen er alvorleg sjuke. Situasjonen er elles rolig. Noreg er fortsett i "avgrensingsmodus" der formålet er å forseinke introduksjon og spreiding av det nye viruset. Råd iht. å forhindre smittespreiing er m.a.. lagt ut på [www.pandemi.no](http://www.pandemi.no). Isolering av sjuke (i tråd med LEON –prinsippet) og god handhygiene er viktige tiltak her. Stenging av skolar og barnehagar blir ikkje tilrådd av helsemyndigheitene. Reiseråd er i ferd med å bli samkjørt med Sverige og Danmark. På [www.pandemi.no](http://www.pandemi.no) finner ein elles daglige oppdaterte nyheiter og svært god informasjon om influensa A (H1N1).

Alle føretaka i Helse Vest inkl. Haraldsplass Diakonale sjukehus, har gjennomgått, og oppdatert ved behov, sine beredskapsplanar

Varelager for verneutstyr er gjennomgått, og moderat oppbestilling er sett i verk

Det har vore lite Tamiflu på sjukehusa, og det er satt i verk bestilling av høveleg lager.

Helsedirektoratet har bedt alle RHF bygga opp behaldninga av antibiotika, samt vurdere beredskapssikring og gjennomføre oppbygging av legemidlar til intensivpasientar og intravenøse væsker. Helse Sør-Øst har tatt på seg å bestille antibiotika for alle føretaka i landet, etter ynskje frå Hdir om nasjonal samordning.

Forsyningskoordinator i Apoteka Vest samordnar i desse dagar vurdering og oppbygging av lager av legemidlar og intravenøse væsker.

## **8. Føretaksmøte 10. juni**

Administrasjonen viste til utsendt innkalling til føretaksmøte i Helse Vest RHF 10. juni.

## **9. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

## **10. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

## **11. Oversikt over høyringar**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

## **12. Årleg melding 2008 - tilleggsrapportering**

HOD har i brev dagsett 24. april bedt om tilleggsrapportering på ein del punkt i Årleg melding for 2008. Styret tok den framlagte tilleggsrapporteringa til orientering.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret tok meldingane til orientering

2. Pkt 5 - Arbeidsintensive investerings- og vedlikeholdstiltak i 2009 – regjeringa si tiltakspakke, prosjektrapport per 1. juni, vart utsett til møte 24. juni

## 051/09 B Rapportering frå verksemda per april 2009

### Kommentarar:

Resultatet pr april gir føretaka eit samla budsjettavvik på minus kr 58,1 mill. Samla realisering av tiltakspakken har gått ned frå 69% i mars til 67% i april. Rapporteringa frå føretaka samt analysen av omstillingstiltaka til føretaka har avdekket betydelig risiko knytt til realiseringa av desse. Helse Førde og Helse Fonna rapporterar ei prognose for heile året som avvik frå budsjettert resultat.

Administrasjonen i Helse Vest vil påpeika at det er knytt svært høg risiko til prognosen i denne rapporteringa og det vil krevje igangsetting av ytterlegare tiltak for å nå resultatkravet.

I samband med mars rapporteringa vart det gjennomført budsjettoppfølgingsmøter mellom representantar frå administrasjonen i Helse Vest og leiinga av helseføretaka der særskilde oppfølgingspunkt vart avtalt og desse vil bli gjennomgått i tilsvarande møte etter denne rapporteringa.

Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover og om nødvendig må det treffast ytterlegare tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

|                       | April          |                |                | Hittil pr. april |                |                |
|-----------------------|----------------|----------------|----------------|------------------|----------------|----------------|
|                       | Faktisk        | Budsjett       | Budsjett avvik | Faktisk          | Budsjett       | Budsjett avvik |
| Apoteka Vest          | -159           | 242            | -401           | 1 592            | 1 513          | 79             |
| Helse Bergen          | -15 314        | -18 144        | 2 830          | 10 271           | 12 198         | -1 927         |
| Helse Fonna           | 201            | 0              | 201            | -2 691           | 0              | -2 691         |
| Helse Førde           | -18 585        | -18 379        | -206           | -34 339          | -30 288        | -4 051         |
| Helse Stavanger       | -47 639        | -29 566        | -18 073        | -56 380          | -7 261         | -49 119        |
| Kjøp av helsetenester | 3 598          | 3 333          | 265            | 13 598           | 13 333         | 265            |
| Administrasjonen      | -1 322         | -340           | -982           | -2 342           | -1 360         | -982           |
| Helse Vest IKT        | -658           | -553           | -105           | -1 108           | -1 483         | 375            |
| <b>Til saman</b>      | <b>-79 878</b> | <b>-63 407</b> | <b>-16 471</b> | <b>-71 399</b>   | <b>-13 348</b> | <b>-58 051</b> |

*Alle tal i heile tusen*

Akkumulert resultat pr april er kr 71,4 mill som gir eit resultat som er kr 58,1 mill dårlegare enn budsjettert.

### Aktivitet:

Samla aktivitetsutviklinga for heile Helse Vest ved utgangen av april 2009 syner at den somatiske aktiviteten (målt i talet på produserte DRG-poeng) var 3,2 % høgare enn ved utgangen av same periode i 2008. Alle dei fire helseføretaka har ein høgare produksjon så langt i 2009 enn dei hadde til same tid i fjor.

Den samla døgnaktiviteten innan barne og ungdomspsykiatrien er 11,8 % høgare enn i same tidsperiode i 2008.

### Ventetid:

Den gjennomsnittlege ventetida innan somatikken har vore aukande i 2008.

Frå og med januar 2009 synes denne trenden å vere snudd og dei gjennomsnittlege ventetidene minkar for regionen samla sett. I gjennomsnitt var ventetida 102 dagar for dei som framleis venta på behandling ved utgangen av april 2009. Dette er i gjennomsnitt 6 dagar lågare enn ved utgangen av 2008. Ventetida har gått mest markert ned for pasientane utan prioritet, men den er og redusert for dei ventande med prioritet. Ved utgangen av april 2009 var ventetidene 75 dagar for pasientar med prioritet og 130 dagar for dei utan.

Innan psykisk helsevern for barn og unge har ventetidsutviklinga vore positiv dersom vi ser på utviklinga dei siste 12 månadane. Den samla ventetida for alle ventande har gått ned frå 81 dagar i april 2008 til 72 dagar i april 2009.

**Epikrisetid:**

Per april 2009 var delen epikriser sendt innan 7 dagar 52 % innan somatikk, medan delen var 66 % innan psykisk helsevern. Med unnatak av april 2009 (påskeferie) kan ein generelt sei at epikrisetidene har halde seg relativt stabile gjennom det siste året, men medan trenden har peikt svakt oppover innan psykisk helsevern, har den peika svakt nedover innan somatikken. Psykisk helsevern i Helse Førde er aleine om å nå målsettinga om 80 % epikrisar sendt innan 7 dagar.

**Medarbeidarar:**

Sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest for april 2009 er så langt registrert med 5,9 prosent.

Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest var 16 427 for mai 2009, ei auke på 144 frå april.

**Omdømme:**

Etter å ha vore nede i 74 prosent i februar auka delen med meget eller ganske stor tiltru til 79 prosent i mars, og har i april stabilisert seg på same prosentdel.

I april oppgir 25 prosent at dei har meget stor tiltru til tenesta, 54 prosent at dei har ganske stor tiltru, mens 20 prosent har lite eller ingen tiltru.

**Kommentarar frå styret:**

Styret ønskte ei auka satsing på å nå fastsett mål når det gjeld epikrisetid, og tilbakerapportering til styret på kva for tiltak som blir sett i verk.

Styret ønskte og auka innsats for å få ned talet på korridorpasientar både innan somatikk og psykiatri.

Prognose for året som "best case, middel case og worst case" blir presentert på styremøte 24. juni.

Styret ønskte og tabell som viser timerapportering på utbetaling variabel løn, inn som ein fast tabell i månedleg rapportering frå verksemda.

Torill Selsvold Nyborg ba om ei orienteringssak til styret om gjestepasientar, med oversikt over kva for pasientar som reiser ut og inn av helseregion Vest.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tok rapportering frå verksemda per april 2009 til etterretning.

## **052/09 O Inntektsutvikling frå 2002 - 2009**

**Kommentarar:**

Styret i Helse Vest behandla i møte den 8/11-2007 sak 093/07 O Inntektsutvikling frå 2002 til 2007. Saka vart tatt til orientering. Administrerande direktør ønskjer no gjennom denne saka gi eit oppdatert bilete om den totale inntektsutviklinga, nye oppgåver sida reformstart og kva Helse Vest har nytta pengane til fram til budsjettåret 2009.

Helse Vest er no i full gang med å utarbeide nytt inntektssystem som vil bli nytta i samband med inntektsfordelinga i 2010. Det nye inntektssystemet vil bli lagt fram for styret i Helse Vest i junimøtet.

Helseføretaka har i sine budsjett for 2009 lagt opp til eit resultat minimum i tråd med resultatkravet frå Helse Vest. Det er avdekket betydeleg risiko i helseføretaka sine budsjett. Risikoen er vurdert å utgjere om lag kr 240 mill.

Det er viktig at helseføretaka no legg trykk på å gjennomføre vedtekne omstillingstiltak og samtidig foreta ein vurdering på om det er behov for å sette inn ytterlegare tiltak for å lukke eventuelle budsjettavvik.

Dersom ein ser fram mot 2013, må føretaksgruppa presentera eit budsjett som viser eit overskot på kr 300-500 mill. Dette for at ein skal kunne ivareta nødvendige nye investeringar på vestlandet, slik at me fortsett kan til rette leggja for god og framtidsretta pasientbehandling. Styret ønskte ei tilsvarende orienteringssak om aktivitetsutvikling i perioden 2002 – 2009.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tok saka til orientering

## **053/09 O Ventetidsutvikling i Helse Vest RHF 2003 - 2008**

**Kommentarar:**

Sidan føretaksreforma i 2002, har det vore eit sterkt fokus på ventetider for behandling både for ventande og avvikla pasientar.

På bakgrunn av tala har administrerende direktør sendt brev til helseføretaka og dei private ideelle sjukehusa der dei blir bedne om å gå igjennom ventelistene sine og gjere ei vurdering av alle som framkjem som ventande i meir enn eitt år. Dei skal og beskrive kva system dei legg opp til for å sikre seg at ventelistene er reelle og ikkje inneheld langtidsventande som ikkje er reelt ventande. Dette skal gjennomførast innan 15. juni 2009. Helseføretaka er og bedne om å sjå på pasientstraumane på poliklinikkane sine og gjere ei analyse av kor mange nytilviste som blir behandla i forhold til volumet av polikliniske kontrollar.

Styret vil få tilbakemelding på dette arbeidet til møte den 24.06.2009.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tok saka til orientering

## **054/09 O Nasjonale prosjekt - status**

**Kommentarar:**

Helse Vest RHF er kontinuerleg involvert i prosjekt og tiltak på nasjonalt nivå. Slikt arbeid blir organisert på ulikt vis – alt frå at det blir etablert større prosjektorganisasjonar til at oppgåver blir søkt løyst ved bruk av mindre tverregionale arbeidsgrupper. Initiativtakar til slike prosjekt og arbeidsgrupper vil ofte vere Helse- og omsorgsdepartementet eller Helsedirektoratet, men dei kan også vere sett i gong av dei regionale helseføretaka sjølve eller andre nasjonale myndigheitsorgan.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tok saka til orientering.

## **055/09 O Kvalitetssatsinga i Helse Vest - status våren 2009**

**Kommentarar:**

I desember 2008 vedtok styret i Helse Vest (sak 124/08) hovudlinjer for vidareføring og styrking av kvalitetssatsinga i Helse Vest. Styret bad om at det to gonger i året skal leggjast fram ei sak om oppfølginga av kvalitetssatsinga.



Her blir status for kvalitetssatsinga per første halvår 2009 lagt fram.

Arbeidet i kvalitetssatsinga skjer innanfor fire hovudområde:

- **kunnskap** som grunnlag for fagleg verksemd
- **pasientfokus** for å møte pasientane og pasientane sine behov på ein god måte
- **pasienttryggleik** – redusere risiko for utilsikta hendingar
- **måling av resultat** som grunnlag for forbetring og for å vise fram at spesialisthelsetenesta leverer det samfunnet ønskjer

I tillegg føreset satsinga arbeid med internkontroll og risikostyring. Dette arbeidet blir ivareteke i tråd med m.a. styresak 10/09.

**Vedtak (samrøystes):**

1. Styret tok saka til orientering.
2. Styret ba om at status og resultat i prosjekta blir omtalt i seinare styresaker, jf. styresak 124/08.

## **056/09 O Nasjonalt program Stab og Støtte (NPSS) Samarbeidsavtale mellom RHF-a**

**Kommentarar:**

Forvaltningsorganisasjonen må byggast opp stegvis. Kompetansebehovet må vurderast i av RHF-a samla. Prinsipielle avklaringar skal takast av AD-ane i fellesskap i AD RHF-møtet.

Budsjettrammene skal vere vedteken av AD-ane i fellesskap i AD RHF-møtet. Hovudprinsippet for fordeling av kostnadene må vere basert på at den eininga som tek ut tenester skal betale. Andelen av basiskostnader som skal fordelast fast mellom RHF-a må gjerast minst mogleg.

**Vedtak (samrøystes):**

1. Styret tok orienteringa om status i det nasjonale programmet til orientering.
2. Styret tok til etterretning at administrerande direktør har inngått samarbeidsavtale om ein midlertidig organisering av ein nasjonal forvaltningsorganisasjon og prosedyrar for handtering av eventuelle ueinigheiter mellom regionane.

## **057/09 B Konstituering av administrerande direktør i perioden 15.juni - 12.oktober 2009**

**Kommentarar:**

Administrerande direktør i Helse Vest RHF, Herlof Nilssen skal ha permisjon frå stillinga i perioden 15. juni 2009 til 12. oktober 2009.

Viseadministrerande direktør, Helge Bryne vil ivareta oppgåver og funksjon som administrerande direktør i denne perioden.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret konstituerer Helge Bryne som administrerende direktør for Helse Vest RHF for perioden 15. juni 2009 til 12. oktober 2009, med same løn som ligg til stillinga som administrerende direktør i dag.

## 058/09 Eventuelt

### Kommentarar:

Ingen saker blei handsama under eventuelt.

## Skriv og meldingar

### Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 28.04.09 "Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Medisinsk klinikk 19. – 20. mars 2009"
- Brev frå Rogaland legeforening til Helse Vest RHF, dagsett 25.04.09 "Uholdbar organisering av spesialisthelsetjenester for psykisk syke"
- Brev frå Rogaland legeforening til Helse Vest RHF, dagsett 23.04.09 "Ressurstilgang i helsetjenesten på Vestlandet"
- Brev frå Helse Vest RHF til Brukerutvalget i Helse Stavanger HF, dagsett 29.04.09 "Status for organisering av nevrokirurgisk virksomhet i Helse Vest"
- Vedtak frå Rogaland Arbeiderparti, dagsett 15.03.09 "Legehelikopter til Helse Fonna"
- Brev frå Slagforeningen i Rogaland til Helse Vest RHF, dagsett 01.05.09 "Stavanger sykehus avd. M4"

### Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møte:

- Brev til legeforeningar og Regionsutval Vest, dagsett 28.05.09 – Ressurstilgang i helsetenester på Vestlandet – Invitasjon til møte
- Økonomirapportering til HOD per april 2009

Ref. Torunn Nilsen  
Stavanger 3. juni 2009

Sett:

---

Oddvard Nilsen  
Styreleiar

---

Kari Oftedal Lima  
Nestleiar

---

Gunnar Berge

---

Gisle Handeland

---

Ohene Aboagye

---

Gerd Dvergsdal

---

Torill Selsvold Nyborg

---

Gro Skartveit

---

Nils P Støyva

---

Lise Karin Strømme

---

Helge Espelid

---

Reidun Johansen

---

Aslaug Husa